



Trekkspeleklubben hadde ein jubileumsbemanning på 10 musikarar.

Trekkspele er ein kultur i seg sjølv. Det fekk Kristian Olav Bringedal erfara då han førebudde seg til programleiarrolla under 30-årsmarkeringa til Kvinnherad Trekkspeleklubb i Kulturhuset på Husnes i kveld. Då han gjekk på nettet fekk han 1260 treff.



[Nils Naasen er musikalsk leiar og betyr mykje for klubben.](#)

Bringedal kunne også sitert ein svensk entusiast frå grensetraktene som sa det slik: "Et liv utan dragspel er ingetliv". Og med det same vi er inne på Bringedal: Han var den naturlege leiar av konserten som trekkspelar og trekkspel-kjennar.

Og han fortalde om ei rørende personlig hending frå folkehøgskulen på Halsnøy der ein skulekamerat skreiv i minneboka hans: "Kva er det du har og ikkje eg? Jau, trekkspel!"



[Det vanka blomar til dirigentane av Røyserett for alle og Husnes Musikklag.](#)

70 betalande kom til konserten som bar preg av høgt musikalsk nivå både frå vertskap og musiserande gratulantar.

Dei siste var Røyserett for alle, Irish Stew og Husnes Musikklag.

Koret stilte med berre vel 20 songarar denne gongen og var difor litt spinklare enn dei plar vera. Men det song seg opp og imponerte med to betagande Vamp-songar til slutt. Janitsjarkorpset fekk det verkeleg til å svinga, særleg med spanske tonar og ein Ellington-klassikar.

Jubilantane sjølve var forsterka med rytmegruppe og ein trekkspelar til slik at det kom opp i 10 musikantar.

Første avdeling inneheldt fire nummer frå Irland, Skottland og Frankrike etter at klubben hadde ynskt velkome med marsj.

I andre avdeling fekk vi høyra det ein kan kalla eit tverrsnitt av typisk trekkspelmusikk med marsj, tango, swing, vals og polka - den siste både komponert og arrangert av medlemmer i klubben.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen